

Lang ventetid på å få CT-svar

Ein pasient var innlagt for utgreiing av ein eventuell kreftsjukdom. Ein del av undersøkinga var å ta CT-undersøking (røntgen) av det aktuelle området på kroppen. CT blei bestilt, og teke. Det drøya med å få svar. Pasienten reiste difor heim. Då svaret endeleg kom, vart det ikkje påvist kreft.

Årsaksanalyse:

Radiologisk avdeling har stor pågang av nye pasientar, både frå sjukehusa og frå legekontora. Dei alvorlegaste tilstandane blir prioritert først, både når det gjeld å få ta bilde, og når det gjeld å få svar på bilda. Etter denne hendinga er det likevel sett i verk fleire tiltak for å unngå at dette skjer igjen.

Tiltak:

1. Legar som etterlyser prøvesvar, skal etterlyse dette i journalsystemet. Denne etterlysinga kjem til alle legane på røntgenavdelinga. Kvar dag blir det sjekka at desse etterlysningane er svart ut, og det blir purra dersom dette ikkje er gjort.
2. Dersom det hastar med å få svar, må lege på avdelinga ta direkte kontakt med radiolog. Det er oppretta eit vaktnummer som legane kan ringje.

Pasienttryggingsutvalet (PTU) si vurdering av hendinga:

PTU forstår at presset på radiologane er stort, og at det etter beste evne blir prioritert å gje dei sjukaste pasientane hjelp først. Det er ikkje greitt når pasientar får ekstra liggedøgn på sjukehuset bare fordi røntgensvaret manglar, og i tillegg er det stor belastning for pasientane å vente lenge på svar. PTU ser positivt på tiltaka som no er sett i verk frå radiologisk avdeling si side, og trur at desse tiltaka vil hindre at liknande skjer igjen.